

litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikkje berre møtefyll, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunge saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vevd saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

litt om temaet:

Teksten til denne songen er ein gammal Grundtvig-salme frå kring 1837. Grundtvig har lete seg inspirere av det latinske 1200-tals diktet Salve Mundi Salutare (verdas frelsar vi hyller) der kvar av dei 7 ledda tek utgangspunkt i ein kroppsdelen til den torturerte Messias. *Hyll/hill deg, frelser og forsoner* er sterkt motivert av den første delen av dette diktet. Salmen har klare påskemotiv når han tek utgangspunkt i Jesu lidingshistorie. Salmen hyller og feirar Guds uendelige kjærleik til oss gjennom Jesu død på korset og undrar seg over kva dette betyr for oss, kor ufortent det er og kor utruleg det er at det er for meg. Teksten sitt «du» er Jesus og det er difor ein tekst der vi vender oss direkte til Jesus sjølv. Salmen hjelper oss å dvele med korleis kjernebodskapen i kristen tru gjeld meg. Jesu liding og død uttrykker både hans uendelige kjærleik, men også hans oppgjer med synd og død. Songen spør: Kva har dette å seie for meg, personleg?

Hyll deg, frelser og forsoner

lære

Rom 5, 6-11

Eit sentralt tema her er det ufortente rollebytet, og teksten spør «hva elsker du hos støvet, så du tok vår plass i døden?» Korleis kjem dette fram i bibelteksten?

I songen syng vi: «Da du ofret helt ditt hjerte, seiret over død og smerte, for å gi oss håp og fred». Korleis kjem dette fram i bibelteksten?

vere

Vi brukar kanskje ikkje ordet «forsoning» så mykje, unntatt når nokon har eit avklart forhold til at dei snart skal døy. Men å vere «uforsonleg» er ikkje noko særlig godt karaktertrekk. Korleis kan vår ufortente forsoning med Gud verke inn på liva våre? Kan det merkast om vi lever som forsona menneske?

ære

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:

Salme:

Above All (Michael W. Smith)

Redningsmann (Impuls)

173: Hill deg, frelser og forsoner

gjere

I den siste lina: «Si: vi går til Paradis» høyrer vi eit ekko av røvaren som blei krossfest ved sida av Jesus (Luk. 23, 40-43). Tidlegare i songen syng vi «Vær meg nær når synden frister». Kva kan tanken på det Jesus måtte gjennom gjere med korleis vi tenkjer om vår eiga synd? Har de opplevd praktisk skilnad på å vere nær Jesus eller ikkje, når det gjeld å gjere gode val?

bøn

Takk Jesus for at han frivillig gjekk i døden for oss, sjølv om vi ikkje fortente det, og framleis ofte «kroner han med torner».

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å stole på at vi er frie, forsona og rettferdiggjorte, og at Gud ikkje er ute etter å ta oss.

